



Prop. 1 S Tillegg 1

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2011

Endring av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2011 under Landbruks- og matdepartementet

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet av 5. november 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I jordbruksoppgjeret i 2010 blei det vedtatt å opprette eit pristilskott for sal av potetstivelse og vidareforedla potetstivelse til industrien innanfor ei ramme på 16 mill. kroner frå 1. januar 2011, jf. omtale i Prop. 133 S (2009-2010). Partane var vidare samde om å avvikle ordninga med eksportstøtte for glukose og potetstivelse frå same tidspunkt. Forslaget inneber ei reduksjon av løyvinga på kapittel 1150, post 70 med 16 mill. kroner, og ei tilsvarende auke av løyvinga på kapittel 1150, post 73. Ved ei inkurie blei ikkje denne endringa innarbeidd i forslag til budsjett for 2011.

2 Omtale av forslaga til endringar i statsbudsjettet for 2011

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

Post 70 Marknadsregulering, kan overførast

Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisordninga

Formålet med råvareprisordninga (RÅK-ordninga) er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som

blir omsette i Noreg og for norske varer som blir eksportert. Det er viktig at løyvingane over denne ordninga er avpassa engrosprisane på norskproduserte jordbruksvarer.

På grunn av at prisane på verdsmarknaden fall igjen i 2009, auka prisnedskrivninga og forbruket på RÅK-ordninga frå 122,5 mill. kroner i 2008 til 197,6 mill. kroner i 2009. Auken i målprisane i dei seinaste jordbruksoppgjera gjer òg at løyvingane til RÅK må aukast. Verdsmarknadsprisane har no stabilisert seg og forbruket til prisnedskrivning i 2010 blir lågare enn budsjettet.

Frå 2011 blir det flytta 16 mill. kroner i prisnedskrivningstilskott til potetstivelse og glykose til ei ny ordning under post 73.21.

For 2011 gjer ein framlegg om ei løyving på 179,0 mill. kroner til ordninga.

Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

Underpost 73.21 Tilskott til prisnedskrivning av potetsprit og potetstivelse

Formålet med prisnedskrivningstilskottet er å sikre avsetning av norsk potetsprit og potetstivelse gjennom marknadsordninga for poteter. Det er ikkje gjort satsendringar for prisnedskrivningstilskottet for potetsprit i jordbruksoppgjeret.

Det blir innført eit nytt tilskott for sal av potetstivelse til industri med ein sats på 2,50 kroner per kg innanfor ei ramme på 16 mill. kroner. Tilskottet blir utbetalt til produsentar av potetstivelse etter mal frå prisnedskrivningstilskottet for rektifisert potetsprit.

Tilskottet til potetsprit blir vidareført med ei løyving på 20 mill. kroner.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 36 mill. kroner til ordninga i 2011.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2011 under Landbruks- og matdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endring av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2011 under Landbruks- og matdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endring av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2011 under Landbruks- og matdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det løyvd under følgjande kapittel:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.:	
	70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	197 900 000
		mot tidlegare foreslått kr 213 900 000	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	2 283 500 000
		mot tidlegare foreslått kr 2 267 500 000	